

# Haustkonferansen 2008



## Berekraftig bruk av Reinheimen



**Reindalssætra i Tafjordfjella  
Norddal kommune  
16. og 17. september 2008**

Hovudsponsor:  
Tafjord Kraft AS

Arrangørar:  
Kontaktutvalet for Reinheimen  
Norddal kommune

## Program:

### Tysdag 16. sept.

- Kl 11.00 Oppmøte og felles avgang frå Zakariasdammen.
- Kl 12.30 Frammøte. Innsjekking på rom og registrering.
- Kl 13.00 Lunsj
- Kl 14.00 Velkomen til Norddal v/ordførar Bjørn Inge Ruset
- Kl 14.10 Per Dag Hole, leiar av KUR orienterar om samarbeidsmodellen og bakgrunn for Haustkonferansen.
- Kl 14.25 Opning av konferansen v/Kristin Krohn Devold, generalsekretær i Den Norske Turistforeining.
- Kl 14.35 *Friluftsliv som likestilt hovedformål i verneområder - grønn ferie og fritid, en vekstsektor med DNT som tilrettelegger.*
- Kl 15.20 Representant frå Miljøverndepartementet  
*Kva seier dagens politikk om BRUK vs. VERN?*
- Kl 16.00 Beinstrekk og kaffi med noko attåt
- Kl 16.20 Pål Haugstad, nyvald leiar i Noregs Bondelag  
*Verneområde – utvikling eller avvikling?*
- Kl 17.15 Historisk markvandring med lokalhistorikar Astor Furset
- Kl 19.00 Festmiddag til fjells m/musikalsk garnityr av norsk/skotsk folkemusikk v/FRIBO, og folkemusikar Ingunn Linge Valdal som bokstaveleg talt spelar på mange strengar.

### Onsdag 17. sept.

- frå kl 0800 Frukost
- Kl 09.00 Erik Solheim, tidlegare mangeårig leiar av Noregs Naturvernforbund  
*Nasjonalparkar i levande bygder.*
- Kl 09.45 Thor Flognfeldt, Høgskulen i Lillehammer eller Øystein Aas, Norsk Institutt for Naturforskning.  
*Berekraftig bruk av verna natur i eit internasjonalt perspektiv.*
- Kl 10.30 Beinstrekk og kaffi med noko attåt
- Kl 11.00 Annelin Henriksen, prosjektleiar for Norges Friluftshøgskole  
*Prosjekt Norges Friluftshøgskole – framtidens kompetanse for bærekraftig bruk av natur-kulturlandskapet*
- Kl 11.45 Adm. dir Sverre Devold, Tafjord Kraft AS  
*Bruk av verna natur i eit energipolitisk perspektiv.*
- Kl 12.30 Plenumsdebatt
- Kl 12.50 Avslutning
- Kl 13.00 Lunsj

Ordstyrar og programleiar Arne Sandnes, nestleiar KUR

## Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR)

Kontaktutvalet for Reinheimen (K.U.R) vart oppretta i samband med verneprosessen for Reinheimen og dei tilliggande landskapsvernområda. Reinheimen vart offisielt verna i november 2006 og kommunane er med i ei prøveorning med delegert forvaltningsansvar for området. KUR arbeider for ein samordna forvaltningspraksis og har rolla som felles talerør for kommunane. I KUR sit to representantar for kvar av dei 6 kommunane Norddal, Rauma, Skjåk, Lom, Vågå og Lesja, ein politikar og ein frå rettighetshavarane.

Konferansen er open for alle og vert arrangert for første gong i år med Norddal kommune som vert og teknisk arrangør.

## Reindalsseter turisthytte

ligg sentralt i hyttenettet i Tafjordfjella i Tafjord - Reindalen landskapsvernområde. Hytta er eigd og drive av Den norske turistforening, avd. Ålesund og Sunnmøre, har 90 senger og er betjent i sommarsesongen. Reindalen har ein særmerkt botanikk og interessant historie. Her ser ein også at naturen går over frå det typisk vestlandske på vestsida av Reinheimen til større vidder og flyer som kjenneteiknar Reinheimen aust for fylkesgrensa til Oppland.

Reindalssetra vil gi ei spesiell og flott ramme rundt konferansen. Det er ikkje bilveg fram, men ca. 5 km å gå på god sti frå Zakariasdammen med ei stigning på ca. 300 høgdemeter. Turen tar om lag 1,5 time.

## Praktiske opplysningar:

Frå Valldal sentrum følg vegen langs Norddalsfjorden til Tafjord tettstad. Følg vegen vidare til Zakariasdammen fram til vegen sluttar ved parkeringsplassen ved kraftanlegget. Her startar merka rås til Reindalssetra.

For dei som ønskjer det, blir det felles avgang til Reindalssetra frå parkeringsplassen ved kraftanlegget kl 11.00. Ein bør ha gode sko og turklede og minst mogleg bagasje som bør vere i ryggsekk. Gåstavar kan vere gode å ha på vegen fram og tilbake til hytta.

Prisen for konferansen inkluderar all mat og oppreidd seng. Ein må pårekne å bu på rom saman med andre. Grunna begrensa overnattingskapasitet er øvre grense for antal deltakarar 90 personar. Ved påmelding gjeld første mann til mølla!

## Pris

Deltakaravgift : 200 kr pr person er ”innbrottspris”. Opphaldet er subsidiert av KUR og Tafjord Kraft AS. Avgifta dekkjer deltaking på konferansen, mat og overnatting.

## Påmelding til

Kontaktutvalget for Reinheimen v/Berit Fiksdahl, Lesja kommune tlf. 61 24 41 00 eller [berit.fiksdahl@lesja.kommune.no](mailto:berit.fiksdahl@lesja.kommune.no) innan 10. september.

Betaling skjer til KUR før konferansen til Lesja kommune bankgiro 2081.19.00142 , merk innbetalinga med *Haustkonferansen KUR*

## Reindalsseter turisthytte



Kart over området og turen fram til fots



**Vel møtt til Reindalssetra  
– ei perle i Sunnmørsfjella!**



– med energi for fremtiden